



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 22.03.2022
Møtestad: Formannskapsrommet Flodmaal
Møtetid: 10:00 - 14:00

Etter møtet vert det synfaring på driftsbygningen til Stian Steinsland, som han fekk støtte frå Næringsfondet til.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2022	Godkjenning av møteprotokoll
007/2022	Referatsaker
008/2022	Orienteringssaker
009/2022	Kommunedelplan for vassforsyning,avlaup og vassmiljø
010/2022	Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet - fase 2

Notat frå møtet:

005/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

006/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre.

007/2022: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

008/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Orientering frå ordførar om utkast til høyringsinnspel til Vestland Fylkeskommune sin Regional Transportplan (RTP). Utkastet til høyringsinnspelet vart gjennomgått på skjermen og blir sendt ut til medlemmene for innspel og ta ein gjennomgang etter møtet.

Lage film for å vise dei konkrete punkta - leggje lenke i høyringsinnspelet. Ordførar Kjetil Eikefet har utarbeida utkast til høyringsinnspel til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram i

Regional Transportplan.

Kristin Nåmdal: Det er viktig at dette vert eit felles dokument, og vil vere eit av dei viktigaste kanalane for å gje tilbakemelding om behov til Modalen kommune. Nytte vår rolle til å kunne påverke.

Håvard Engeseth: Busskorrespondanse Ostereidet - Modalen; viktig å få fram detaljane kring dette.

Liv Anne Aanensen: Asfaltering - og fokus på kvaliteten av dette.

Orientering frå rådmannen om mottak av flyktningar frå Ukraina.

Det er meldt tilbake om at Modalen kommune er positivt til å ta imot flyktningar frå Ukraina. Det har gått ut førespurnad til innbyggjarane i Modalen om det er ledig utleigebolig, og ein har fått nokre positive tilbakemeldingar her. Modalen kommune er oppmoda frå IMDi til å busette 20 flyktningar i 2022. Det er ikkje konkretisert kortid desse eventuelt vil komme. Kommunestyret vil få orientering og handsame ein tilbakemelding til IMDi om dette i førstkomande møte. Formannskapet ønskjer å vedta ein formell uttale om kva ein meiner om Russland sin invasjon av Ukraina, som vert handsama i kommunestyret. Ordførar og rådmann kan kome med forslag til ein organisasjon som kommunen kan sende pengar til, som kommunestyret kan vedta.

Orientering frå ordførar om møte med Eviny:

Tema er gjeldande konsensjonsvilkår, og særskilt vilkår 19. Eviny kjem onsdag 20. april for møte med kommunen. NVE gjer sluttvurderinga kring laksetrapp.

Orientering frå rådmannen om besøk frå leiinga frå Haraldsplass Diakonale Sykehus. Fokus på møtet vert på Helsefelleskap og andre relevante avtalar.

Orientering frå assisterande rådmann om samarbeid om barnevern

Modalen kommune kjøper barnevernstenester av Vaksdal kommune. Kommunane Osterøy og Vaksdal er i ein prosess for å inngå avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid om barnevernstenesta. Modalen kommune avventer handsaming til det er avklart kva Vaksdal kommune vedtek å gjere

Ordførar orienterte om at det vert ope møte med presentasjon av rapport om næringsutvikling frå Industriutvikling Vest tysdag 29. mars klokka 1800 i kommunestyresalen

Spørsmål/innspel frå Kristin Nåmdal:

- Høyring om regional planprogram for fornybar energi. Frist 23. april 2022. bed om at Modalen kommune sender høyringsuttale.
- NVE rasvurdering av fjellparti; er det liknande overvåking av Slottet i Modalen? Teknisk sjef: NVE vurderer jamleg og kartlegger bevegelser i områder i kommunen og det er jamleg kontakt mellom kommunen og NVE.
- Oppfølging av kulturplan og stiplan/plan for rydding av turstiar i kommunen. Innspel om dialog med grunneigarane om etablering og vedlikehald av stiar. Møte med Bergen og omland Fritidsråd (BOF) om kartlegging av områder. Det er planlagt orientering frå BOF i mai i Kommunestyret. Avklaring av roller og kven som kan ta kontakt med kven, samt krav til planlegging ved merking av turstiar og struktur rundt dette (parkering ol.)

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering.

009/2022: Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø og svara på spørsmål

Spørsmål/innspeil:

- Private vasskjelder og kloakkanlegg; kommunen har ansvar for å ha overordna oversikt og handsame eventuelle søknader knytt til dette.
- Sjå boligutbygging og planane i samanheng.
- Handsaming av mineralundersøkingar.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre.

010/2022: Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet - fase 2

Behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke og teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om bakgrunn for saka, prosessen og krav til rassikring.

Tidsramme; om lag 10 veker arbeidstid og målet er å bli ferdig med alt arbeidet knytta til raset til sommaren.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 3 000 000 inkl mva til fase to av rassikring ved Bryggjeslottet.
